

## Notat

**Dato**  
 LEIKANGER, 24.10.2018
**Til:** Fylkesutvalet, møte 2. november 2018**Frå:** Fylkesrådmannen

### Søknad frå Sogn og Fjordane teater - «Nynorskhus» og utvida turneaktivitet

Fylkesrådmannen viser til vedlagde søknad frå Sogn og Fjordane teater om auka driftsstilskot frå 2022. Auken er knytt til to tilhøve:

- Nye lokale i «Nynorskhuset»/utvida lokale for teateret
- Utvida turneaktivitet (dekke heile Vestland fylkeskommune).

#### Om Sogn og Fjordane teater:

Sogn og Fjordane teater er organisert som eit AS. Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 80% og Førde kommune 20% av aksjane.

Teateret er finansiert som ein region-/landsdelsinstitusjon av staten (post 71), fylkeskommunen og kommunen - etter ein fastsett %-fordeling. Staten sin del er 70%, fylkeskommune/kommune 30% (fylkeskommune 22,5% og Førde kommune 7,5%).

Sogn og Fjordane teater er gjennom sine vedtekter eit turneteater for heile fylket. Base med teatersal, scene, verkstader, kontor mv. har dei i Førdehuset. Teateret har leigekontrakt der som går fram til 2023.

#### Kvifor dette notatet?

Fylkesrådmannen legg søknaden fram for fylkesutvalet der vi orienterer om:

- kva som er gjort så langt
- kva utfordringar vi ser
- korleis vi tenkjer å jobbe vidare med saka.

Søknaden som ligg føre utfordrar fylkeskommunen som:

- eigar
- regional kulturstyresmakt/regional samfunnsutviklingar
- økonomisk bidragsytar.

#### Kva har skjedd så langt?

Sogn og Fjordane teater har i halvanna års tid vore inne i drøftingar med avisa Firda og NRK Sogn og Fjordane om å gå inn som leigetakar i eit «Nynorskhus» i Førde, jf. også orientering i FU-sak 8/18, pkt. 17, til FU 23.01.2018, og presentasjon på politikardagen 30. mai 2018. Fylkesordførar/fylkesrådmann og ordførar/rådmann i Førde har vore orientert undervegs i arbeidet, og i nokre tilfelle delteke som observatør på drøftingsmøte mellom dei tre hovudaktørane.

Ideen om eit «Nynorskhus» har oppstått i ein prosess der både avisa Firda og NRK Sogn og Fjordane har vurdert nye og meir tilpassa lokale for eigen aktivitet. Ønskje om ikkje berre eit nynorsk mediehus, men eit nynorsk kulturhus, førte til at Sogn og Fjordane teater vart invitert inn i diskusjonen. Teateret har på si side vore tydelege på at dei er avhengige av eigarane sin støtte, ikkje minst i høve den økonomiske utfordringa det kan bli for teateret om dei skal inn i nye lokale.

Det er gjennomført ein idekonkurranse om eit «Nynorskhus», der fleire entreprenørar sende inn forslag. Tre av dei aktuelle entreprenørane har sagt at dei gjerne går vidare i dette arbeidet.

Det er lagt opp til å avklare hovudinteressentane i eit framtidig «Nynorskhus» i Førde i løpet av hausten 2018. Det vert no arbeidd med areal- og funksjonsplaner, samstundes som prosjekt «Nynorskhuset» utviklar intensjonsavtaler med hovudaktørane. Det er Sogn og Fjordane teater som er aktøren i dette tilfelle. Fylkeskommunen sitt ansvar som eigar, regional kulturstyresmakt og tilskotsytar vil vere å sikre det økonomiske grunnlaget for at teateret ev kan inngå intensjons-avtale. Fylkesrådmannen ser føre seg at for fylkeskommunen sin del, bør ei slik avklaring kome som sak i fylkestinget i desember 2018.

I rolla som regional kulturstyresmakt og regional samfunnsutviklar meiner fylkesrådmannen at ideen om eit «Nynorskhus» er spanande, og vil gi ros til dei som har bidrege fram til der vi er i dag. Gjennom etablering av ei nynorsk-klynge vil ein kunne starte med om lag 100 etablerte arbeidsplassar som har nynorsk språk som sitt felles overbygg. I realiseringa av dette må det også ligge rom for vekst og utvikling slik at tilgrensande bedrifter og aktivitetar kan slutet seg til. Realiseringa av «Nynorskhuset» er også eit strategisk grep som har ei viktig språkpolitisk grunn-gjeving; det at vi som er det nynorske grunnfjellet tek eit tydeleg og synleg ansvar for det ny-norske språket. Ideen er at huset skal vere eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur.

Prosjekt «Nynorskhus» har vore presentert for/drøfta med kulturministeren ved to høve, og ho har så langt gitt positive tilbakemeldingar. Prosjektet vil også bli presentert på språkkonferansen i Førde torsdag 1.november 2018, der kulturministaren, NRK-sjefen og leiinga i A-media deltek.

### **Utfordring 1 - nye/utvida lokale for Sogn og Fjordane teater:**

Som eigar har vi ansvar for at teateret har lokale som gir gode arbeidstilhøve og rom for utvikling av aktiviteten. Dagens lokale i Førdehuset er frå midt på 90-talet. Lokala har mange kvalitetar, men dei avgrensar likevel teateret sin utviklingsmoglegheiter. Teateret melder om for liten plass, og delvis ueigna lokale (m.a. utforminga av teatersalen). I diskusjonane rundt teateret si moglege deltaking i «Nynorskhuset», har også Førdehuset som stad for etablering av «Nynorskhus» vore nemnt, også om det er aktuelt å sjå føre seg eit utviding av teateret sine lokale i Førdehuset, uavhengig av «Nynorskhuset».

Fylkesrådmannen ser at det ligg føre behov som må løysast dei næraste åra. Eit eige «Nynorsk-hus» basert på regionale (og lokale) media- og kulturaktørar er spanande, og innovativt; ei ny-skaping i landet. Ut frå dette vil det vere lett å tilrå ei slik satsing. Fylkesrådmannen vil likevel legge til at også den andre eigaren, Førde kommune, i så fall må sjå på dette som den føretrekte løysinga. Og der vil vere nokre utfordringar som må løysast.

Skulle plassering i «Nynorskhuset» ikkje vere mogleg å få til, må kommunen som huseigar ta stilling til om og korleis dei kan løyse utfordringane teateret har i Førdehuset.

### **Utfordring 2 - utvida turneaktivitet – dekke heile Vestland fylke.**

I samband med fylkessamanslåinga har Sogn og Fjordane teater ein visjon om å kunne utvikle seg som turneteater for heile det nye fylket. Denne visjonen må vi sjå opp mot kva planer som ligg t.d. hos Hordaland teater i Bergen i høve det å utvikle turneaktiviteten. Hordaland teater, som nyleg har flytta inn i «Logen» i Bergen sentrum, ønskjer å utvikle eit nynorskhus i Bergen. Dei har også turne som del av sitt oppdrag, men har så langt ein avgrensa turneaktivitet. Det er samtaler mellom Sogn og Fjordane teater og Hordaland teater (begge nynorskteater) om korleis desse to institusjonane kan vekse og utvikle seg parallelt i ein ny fylkeskommune. Ut frå den erfaring Sogn og Fjordane teater har som turneteater, er det ikkje unaturleg at dei kan ta ei rolle som turne-organisasjon, og at dette kan utviklast som eit samarbeid mellom dei to teatra, slik at både Sogn og Fjordane teater og Hordaland teater kan produsere for turne, og at Sogn og Fjordane teater utviklar og utvidar sin kapasitet til å legge til rette for og gjennomføre turneaktiviteten. I Vestland fylkeskommune vert fylkeskommunen sitjande som majoritetseigar i begge desse teatra, og kan såleis ha ei hand på rattet i høve kva veg teatra skal ha for si utvikling.

### **Utfordringa 3 - økonomiske konsekvensar:**

Som økonomisk bidragsytar må fylkeskommunen også sjå på dei økonomiske konsekvensane av den utviklinga teateret ønskjer. Så langt er det lagt fram ein del førebelse tal. Fylkesrådmannen ser på desse tala meir som ein illustrasjon på kva nivå vi snakkar om, enn som endeleg tal. For Sogn og Fjordane teater sin del, er dei økonomiske konsekvensane to-delte;

- Auka driftskostnader i utvida/nye lokale
- Auke kostnader ved utvida turneaktivitet.

Auka kostnader til utvida turneaktivitet er avhengig av at teateret får utvida/nye lokale, medan tilgang til utvida/nye lokale i seg sjølv ikkje utløyser auka kostnader til turneaktivitet.

Drifta av Sogn og Fjordane teater er bygt på reglane for region-/landsdelsinstitusjonar der staten er inne med 70% av det offentlege tilskotet.

Gitt at den årlege meirkostnaden på driftssida er 6 mill. kr i nytt bygg (jf. opplysningar i vedlagte søknad, bygt på erfaringstal), og vi legg til grunn den faste fordelingsnøkkelen, må dette løysast med 4,2 mill. kr i auka statstilskot, 1,35 mill. kr meir frå fylkeskommunen og 0,45 mill. kr meir frå Førde/Sunnfjord kommune. Det vil vere eit stort løft for fylkeskommunen, både den gamle og den nye, og for kommunen som i tillegg kan risikere å miste leigeinntekter i Førdehuset. Meirkostnaden med utvida turneaktivitet er anslått til 12 mill. kr pr. år. Denne summen må etter fylkesrådmannen si vurdering drøftast nærare med både Sogn og Fjordane teater og Hordaland teater.

Det vil ikkje vere mogleg å få noko avklaring med staten i løpet av hausten på om dei vil bidra med auka tilskot til Sogn og Fjordane teater frå 2022 basert på Sogn og Fjordane sine behov for utvida/nye lokale, og utvida turneaktivitet. Det betyr at eigarane ev. må ta stilling til dette utan å vite kva staten vil bidra med. Vi må likevel tru at staten, også i åra framover, vil vere med å utvikle kulturlivet i heile landet, og såleis bidra til å løyse dei behov ulike institusjonar har. Tett kontakt med og informasjon til Kulturdepartementet vil vere viktig i ein slik prosess. Vi må også ha med oss at finansieringa av denne typen institusjonar i Hagenutvalet sitt forslag er foreslått overført til dei nye fylkeskommunane. Om dette vert ein realitet, vert ikkje avklara før kulturmeldinga kjem og denne også er handsama i Stortinget. Vi må såleis ta avgjerd i ein periode med mange endringar og stor usikkerheit. Likevel – vi må truleg ta steg for å sikre at kulturlivet i Sogn og Fjordane kan ta del i utviding og vekst på linje med andre stader i landet.

#### **Utfordringa 4 - gjeld Lov om offentlege anskaffingar her?**

Ei ev utviding av Førdehuset vil måtte skje i regi av Førde kommune etter dei lover og reglar som gjeld for kjøp i offentlig sektor. Om teateret går inn som leigetakar i «Nynorskhuset» er dette noko meir komplisert. For NRK og Firda sin del vil avtaler om lokale i «Nynorskhuset» truleg bli rekna som leigeavtaler som er unnatekne frå regelverket om offentlege anskaffingar. Dei treng difor ikkje følgje krava i regelverket om konkurranse, utlysing osv. For teateret sin del, gjeld at krav om teatersal og andre spesialrom/løysingar gjer at dette fort kan bli eit spørsmål om ein bygge- og anleggskontrakt, som må tilpassast regelverket om offentlege anskaffingar. Dette spørsmålet må nøye utgreiast/vurderast av teateret og eigarane slik at ein veit kva reglar ein her ev. må halde seg til .

#### **Vidare arbeid med saka:**

Med mindre fylkesutvalet har andre synspunkt, vil fylkesrådmannen arbeide vidare med ei sak til avgjerd i FT i desember der vi får ei prinsippavgjerd knytt til framtidig lokalisering av Sogn og Fjordane teater, og om dei kan gå vidare i drøftingane som del av eit framtidig «Nynorskhus» i Førde.

Førde kommune legg saka fram til drøfting i fellesnemnda for Sunnfjord kommune 14.november, og til avgjerd i Førde bystyre 13.desember.

Visjonen til Sogn og Fjordane teater om å bi eit turneteater for heile Vestland fylkeskommune må avstemmast mot Hordaland teater sine planer, og mot visjon, regional kulturpolitikk og eigarskap for Vestland fylkeskommune.

Vi må sjå nærare på dei økonomiske konsekvensane, og tilhøve til Lov om offentlege anskaffingar må avklarast i tilfelle teateret skal inn i «Nynorskhuset» i Førde.